

# Heile Vindafjord syng!



Hausten 2014 går kultureininga går saman om:

- Ein syngande skule
- + Sang i eldreomsorga
- + Song og helse
- + Song for alle
- = Ein syngande kommune

## TILTAK:

### 1. Felles songhefte

Det vil bli laga eit songhefte med 18 songar. Songane har ulike tema og vanskegrad, nokre nyare og mange «kjende og kjære».



### **Hent songhefte på Servicetorget!**

### 2. Lyd-CD og notehefte

Her finn du hjelphemiddel til å ta sangheftet i bruk, ut frå den kompetansen du/de har.

### 3. Allsangkonsertar på alle skular

Kulturskulen stiller med orkester som drar i gang allsang på alle skulane. Skulane vert oppmoda til å be inn vaksne og eldre som er heimeverande på dagtid. Konsertane vert i oktober/ november 2014.

### 4. Allsangkonsertar på omsorgssentra og andre institusjonar

Kulturskulen kjem på besøk og er med i songøkta. Konsertane vert i oktober/ november 2014.

## 5. Heile kommunestyret syng

Ordføraren garanterer allsang på alle møte ved hjelp av kulturskulen.

## 6. Kor og korps, lag og organisasjonar

Desse vert oppmoda til å nytta allsang i sine samanhengar gjennom gratis songhefte, Lyd-CD og notehefte. Kan hende ynskjer nokon å be inn til allsangkveld el.l.?

## 7. Allsang markerer grunnlovsjubileet

4. november 2014 arrangerer Vindafjord kommune stor fest på Ølen kulturhus.

Her feirar me Grunnlova 200 år!

Allsang er eit sjølvsagt element og fellesskapande tiltak på denne festen! Kulturskulen stiller med musikk!

## 8. Og gjerne meir til?

Kven veit? Ut over hausten kan det koma til fleire andre allsangarrangement.

Bli med på



# Kvifor



## Me veit at:

- Sang styrker språk og språkutvikling
- Sang gir helseeffekt: aukar nivået av velværehormona oksytocin og endorfiner, og reduserer nivået av stresshormonet kortisol.
- Sang stimulerer heile hjernen, for unge og eldre
- Sang er eit internasjonalt språk
- Sang skaper fellesskap

## Difor vil me legga til rette for:

- Allsang i skular og barnehagar
- Bruk av sang i eldreomsorga og i helseinstitusjonar
- Lag og organisasjonar som vil synga
- Syngande politikarar
- Fellesskap gjennom felles songar
- Grunnlovsfeiring gjennom song



Prosjektet er finansiert av  
Vindafjord kommune gjennom:  
Kultureininga, kulturskulen,  
biblioteket, Frivilligsentralen, folkehelseinspirator, grunnlovskomiteen,  
Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.

## For meir informasjon:

Kulturleiar Eva Kalstveit, tlf 53 656565  
Prosjektleiar Guri L. Ravatn, tlf 53 655861